



SIM

Årsmelding 2002


Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk DA



Innholdsoversikt

Nye miljøutfordringar	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet	5
Organisering	6
Representantskap	6
Organisasjonskart	6
Styre	6
Organisasjonskart tilsette	7
Eigarinteresser og datterselskap	8
Styret si årsmelding	9
Avfallsmengder	12
Attvinning	13
Avfallsgebyr	14
Sigevatn	17
Balanse	18
Resultatrekneskap	20
Kontantstraumoppstilling	21
Notar til rekneskapen	22
Investering og sal 1998 - 2002	26
Revisjonsmelding for 2002	27

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA



Svartasmøget
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Foretaknr: NO 958 284 837 MVA
www.sim.as

Eigarkommunar:

Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad,
Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar: 55.149

Abonnentar: Vanlege 22.326 / Hytter 5.297

Abonnentar som heimekomposterer: 4.774

Kilo avfall per innbyggjar 2002: 326

I redaksjonen: Hege Myklebust
Foto: Oktan Sydvest side 1, 13, 21 og 28
Grafisk produksjon: Oktan Sydvest
Trykk: Sunnhordland
Opplag: 800
Trykt på resirkulert papir

Året som gjekk var eit godt driftsår for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA. Aktiviteten var høgare enn det som var budsjettet, og resultatet for selskapet var positivt.



Nye miljøutfordringar

Handteringa av kommunalt avfall gjekk med overskot, og dette har resultert i at gebyra for 2003 er sett ned med 4 prosent.

Det har vore drive noko haldningsarbeid for å få ned avfallsmengdene, men dette syner små resultat så langt – avfallsmengda frå hushalda auka med nesten 6 prosent i 2002, etter å ha stått om lag stille i 2001.

Styresmaktene kjem med stadig nye krav til avfallshandteringa. I 2003 er det kome ny forskrift om drift av deponi. Det vert stilt krav om at alle deponi skal søkja om nytt driftsløyve i 2003. Kva konsekvensane av dette vert veit me ikkje før i slutten av året. Som fylgje av dyresjukdomsproblema i Europa har krava til korleis ein handterer matafall vorte skjerpa. Endelege reglar er enno ikkje klåre, men signala så langt tyder på at me kan driva komposteringa vidare i same retning som no, med ein del utvikling av metoden.

Det har vore drøfta eit samarbeid mellom fleire renovasjonsselskap og kommunar for å møta nye og komande utfordringar. Selskapa og kommunane i Sunnhordland og på Hordaland har drøfta ulike alternativ for korleis ein i fellesskap kan handtera avfallet på ein miljøvenleg måte til lågast mogleg kostnad for abonentane. Ei løysing som verkar stadig meir aktuell er å byggja eit felles avfallsbrenningsanlegg der ein får nytta energien i avfallet. Dette er truleg den sikraste og beste måten å nå styresmaktene sine målsetnader om 75 prosent attvinning på.

Under skiftande og usikre rammevilkår greier SIM seg etter måten bra, og har lagt bak seg eit godt år. I ei spørjegranskning som Opinion gjorde for SIM i oktober 02 svarar 92 prosent av dei spurde at dei er særskilt godt nøgde eller godt nøgde med tenestene til SIM.

Me ser framleis lyst på framtida, og har trur på at me skal greia å møta dei utfordringane som måtte møta oss. Ein trygg økonomi og god kompetanse i selskapet lover godt for framtida.

Eg vil gjerne takka samarbeidspartnarar, medlemskommunar, kundar og tilsette for godt samarbeid i 2002.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd med hovudanlegg i Svartasmøget i Fitjar kommune. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

SIM fram til i dag

I 1997 skipa SIM det heileigde datterselskapet SIM Nærin AS. Selskapet skal ta seg av avfallet frå industri og næringliv og andre oppgåver som er utsette for konkurransen. I 2001 har SIM Nærin hatt eit travelt år, med store oppdragstopp fleire gongar i året. Demoleringa av den britiske oljeplattforma Maureen førte til svært mykje arbeid særleg første halvår. I tillegg gjennomførte NRF og SIM kampanjar for å inn meir farleg avfall og PCB-glasruter (som kunne leveras til reduserte prisar), noko som førte til stor auke i des avfallsfraksjonane.

I 2001 skilde SIM Nærin AS ut transportdelen av drifta i eit eige selskap, SIM Transport AS, som òg inkluderer det oppkjøpte selskapet Innvær Conteinerservice. Selskapet er no oppe og går som sjølvstendig selskap, og har ein stor del av transportverksemda si på Hordalandet, særleg Karmøy. Målsetnaden er å bli dyktig på transport av avfall, og reindyrka den aktiviteten.

SIM er ansvarleg for innsamling av alt forbruksavfall og slam frå dei 55.149 innbyggjarane og 15.- 20.000 hyttebrukarane i regionen. Det er kjeldesortering i alle medlemskommunane med sortering i dunkar for bio-, papir- og restavfall.

Det er bygd miljøsentralar som innbyggjarane i alle kommunane kan gjera seg nytte av. I tillegg er det ein del bringepunkt for mottak av glas og hermetikkboksar. Det er lagt opp til at hushalda kan sortera ut farlegavfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast, hageavfall med meir. Dette må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

SIM har fellesanlegg i Svartasmøget, som inneholder administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral og hall og utstyr for kompostering av våtorganisk avfall. Her er også anlegg for mottak og handsaming av avlaupsslam.

SIM legg stor vekt på førebyggjande tiltak for å redusera ulempene med miljøforureining av luft, vatn og nærområde, og vil arbeida for å oppfylla nye miljøkrav og utnytta ressursane i avfallet.

Føremålet med selskapet

I paragraf 2 i vedtekten heiter det at føremålet med selskapet er:





- 1 Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
- 2 Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
- 3 Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av farleg avfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
- 4 Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga.
Selskapet skal vidare i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
- 5 Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar t.d. når det gjeld gjenvinning.
- 6 Selskapet har ikkje erverv til føremål




Organisering

Representantskapet er det øvste organet i selskapet.

Kommunane vel medlemer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM Nærings AS er eit heileigd datterselskap til SIM, **SIM Transport AS** er eit heileigd datterselskap til SIM Nærings AS. Båe selskapa har eigne generalforsamlingar, eigne styre og eigne dagleg leiarar.




Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemer kvar kommune har i representantskapet. Kommunestyra i medlemskommunane vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelt slik: Austevoll 2, Bømlø 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet har hatt eitt møte i 2002 (26. april) der dei handsama 12 saker.

ORGANISASJONSKART:



Styre

Det er ein styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, likevel slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det ein representant frå dei tilsette. Det er representantskapet som vel styremedlemene.

Desse stillingane hadde SIM fast i 2002:

Dagleg leiar: *Terje Gilje*

Driftsleiar, innsamling og kommunal drift: *Kjell Egil Hollund*

Driftsleiar, slutthandsaming av avfall: *Tore Svane*


Personal og økonomi: *Trude Vedå* og
Tove Volden Nygård (til 28.02.02)/*Trond Kampen* (frå 08.12.02)

Informasjons- og planleggingsmedarbeidar: *Hege Myklebust* (vikar)

Kundehandsamar: *Marianne Andersland*

Kundehandsamar: *Trine Tverborgvik*, i fødselspermisjon
frå 12.02.02/ *Bjørg Borrevik* (vikar Adeco f.o.m. 01.01.02)

ORGANISASJONSKART TILSETTE:



Styret 2002:

Bak fra venstre: Hans H. Berge, Olav P. Årland,
Asle Bernt Rekve og Magnus Skåden.

Framme fra venstre: Kjell Egil Hollund,
Else Berit Helle, Magne Rolfsnes og Bjørn Haaland.



Operatør deponi:

Nils Inge Rimbereid(til 01.04.02)/ Kristoffer Vik (frå 01.04.02)

Operatør kompost: Einar Breivik

Operatør miljøsentral: Olaf Skram

Operatør/maskinansvarleg: Eivind Eidsnes

Operatør miljøsentral Kvinnherad: Inge Tungesvik

Medarbeidar miljøsentral Kvinnherad: Jostein Skåla

Operatør miljøsentral Austevoll: Ingjald Birkeland (30 % stilling)

Maskinkøyrlærling: John Even Alfsvåg

Desse sat i styret ved utgangen av året.

Styret hadde seks møte i 2002 og handsama 26 saker.

KOMMUNE	STYREMEDLEM	VARAMEDLEM
Austevoll	Olav P. Årland (nestleiar)	Knut K. Kalvenes
Bømlo	Magne Rolfsnes	Ruth Berny Lønning
Fitjar	Bjørn Haaland	Odd Bondevik
Kvinnherad	Hans H. Berge	Gerd Røstbø
Stord	Else Berit Helle	Jarle Nakken
Sveio	Magnus Skaaden (styreleiar)	Henning Vestvik
Tysnes	Asle Bernt Rekve	Bente Raknes
SIM	Kjell Egil Hollund	

Eigarinteresser og datterselskap

SIM Næring AS

SIM Næring AS er eit heileigd datterselskap av SIM.

Selskapet tek hand om produksjonsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet.

Målsetnaden til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskaple og god avfallshandtering.

Per 31.12.02 hadde selskapet 17 tilsette med kontor og sorteringsanlegg lokalisert i Eldøyane Næringspark på Eldøyane i Stord kommune. Omsetninga for 2002 var på om lag 45 millionar kroner.

SIM Transport AS

SIM Transport AS er eit heileigd datterselskap av SIM Næring AS. Selskapet tek på seg ulike typer transportoppdrag, flest i Sunnhordland og på Haugalandet, men òg andre stader i landet og i utlandet. SIM Transport AS har kontorfellesskap med SIM Næring AS på Eldøyane, og hadde 41 tilsette per 31.12.02. Omsetninga var på 34,5 millionar i 2002.

Retura


SIM Næring AS eig 100 aksjar i Retura, ein eigardel på rundt 7 prosent. Retura er eit selskap stifta av ulike avfallsselskap over heile landet. Forretningsidéen er å samarbeida med næringslivet for å tilpassa og levera heilskaplege, effektive og miljørette avfallsløysningar. Retura har sterk lokal tilknyting og detaljkunnskap, kombinert med sentral styring.

Retura sine tenester skal redusera ressursbruken til kundane og miljøbelastninga på samfunnet elles.

Rekom AS

Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av Kommunenes Sentralforbund, meir enn 50 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap, selskapa har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 66 av 3500 aksjar i Rekom, ein eigardel på 1,9 prosent.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Omsetninga i 2002 var på om lag 72 millionar. Dei største fraksjonane er papir og papp til materialattvinning og restavfall til energiattvinning.



Administrasjonsbygget til høgre, bak er garasje/lager og miljøsentralen i Svartasmøget.

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA driv med kommunal renovasjon og slutthandsaming av avfall.

I år 2002 auka mengda med avfall til deponi med 7,7 prosent, eller om lag 2046 tonn i høve til 2001. Dette skuldast først og fremst ein auke i avfallsmengd frå eigne kommunar, og ein liten auke i avfall motteke frå andre kommunar.

Økonomi

Det har vore gjort relativt få investeringar i 2002. Dette er hovudsakleg fordi råmene for vidare drift av deponiet er uklåre, og selskapsform i framtida er òg uklår. Det har heller ikkje vore skrikande trøng for nye investeringar. Investeringar knytte til næringsavfall vert no gjort i datterselskapet SIM Næring AS og SIM Transport AS.

Av ei omsetning på rundt 46 millionar, viser året eit overskot på 6,5 millionar. Selskapet hadde eit overskot på om lag 2,5 millionar på den kommunale drifta. Overskotet dei siste tre åra har resultert i at gebyra er sette ned frå 2003 med om lag 4 prosent. Det vert vidare budsjettert med eit underskot på den kommunale drifta i 2004. Overskotet skal òg dekkja framtidige kostnader til avslutting og etterdrift av deponiet.

Dei økonomiske resultata i årsmeldinga syner at føresetndene for å halda fram med drifta er til stades.

Disposition av overskot

Overskotet på 6,5 millionar vert lagt til eigenkapitalen.

Arbeidsmiljø og personalendringar

Ved utgangen av året hadde SIM 15 tilsette (14,3 årsverk) og ein lærling. Sjå oversyn over stillingar side 6-7.

Dette er det same som ved utgangen av 2001.

Sjukefråveret var på 1,5 prosent i 2002. Det har ikkje vore yrkesskadar med fråver.

Slutthandsamingsavgift

Selskapet vart frå 1999 pålagt av staten å krevja inn avgift på alt avfall som gjekk til deponi. Avgifta var i 2002 på 397 kroner inkl. mva. per tonn, og totalt utgjorde dette ein

ekstra kostnad for selskapet på over 11 millionar kroner inkl. mva.

Det er gjort vedtak om at slutthandsamingsavgifta for deponi kan auka med om lag 100 kroner frå 1. juli 2003, for deponi utan dobbel botntetting.

Auke i avfallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio, papir) for 2002 har auka med 4,05 prosent samanlikna med 2001. Totalt gjekk hushaldsavfallet opp med 5,84 prosent, medan næringsavfallet gjekk opp med 19,33 prosent. Talet på innbyggjarar minka med 0,15 prosent, og talet på abonnentar auka med 0,34 prosent frå 2001 til 2002. I alt leverte kvar innbyggjar i kommunane 326 kg avfall.

Attvinningsprosenten var 46,6, det same som i 2001.

Kompost

I 2002 har kompostanlegget i Svartasmøget starta å ta imot våtorganisk avfall frå Haugesund og Karmøy i tillegg til kommunane i Toraneset miljøverk. Frå 1.1.03 tek me òg imot våtorganisk avfall frå kommunane i Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap. Dette har ført til ein kraftig auke i aktiviteten på anlegget, og me har måttå utvida området som vert brukt til kompostering. Dette har vorte gjort ved å sprengja ut massar ved enden av området, som så har vorte knust til ulike fraksjonar og selt ut til næringslivet eller brukt som dekkmasse på deponiet. Det er no i gang ei ny slik utviding for å kunna ta imot endå meir våtorganisk avfall.

Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast ved alle miljøstasjonane i området, og har vorte eit populært jordbetringsprodukt.

Orio-prosjektet som skulle evaluera kompostering i opne storrankar er no avslutta, og metodane og resultata frå SIM-anlegget får gode skussmål. Det er mykje godt å byggja vidare på i dei metodane som er utvikla her. Det er ingenting som tydar på at reglane for kompostering av våtorganisk avfall vert vesentleg endra i nær framtid, og SIM reknar difor med å halda fram som før, med nokre justeringar basert på resultata frå prosjektet.



Miljøsentralane har hatt 32 prosent fleire vitjingar i 2002 enn i 2001.

Miljøsentralane

Alle miljøsentralane er no ferdige i den funksjonen dei er tenkt å ha. Det har vore eit viktig satsingsområde for SIM å gje eit godt tilbod til abonnentane på dette området. Mellom anna er det folk tilsett ved alle miljøsentralane. Satsinga har vore ein del av styret sin strategi for å auka mengda med avfall som vert sortert ut for attvinning og for å motverka ulovleg deponering.

Det kom inn til saman 5.323 tonn avfall på miljøsentralane. Av dette var 2.994 tonn hushaldsavfall, det utgjer om lag 16,7 prosent av det totale hushaldsavfallet. Totalt hadde miljøsentralane 17.288 vitjingar i 2002, noko som er ein auke på 32 prosent.

Om lag 25 prosent av kostnadene ved drifta av miljøsentralane vert betalte av kundane ved levering, medan 75 prosent vert fordelt over renovasjonsgebyret, det vil seia om lag 245 kroner per abonent.

Sigevatn

Sigevatnet vert overvaka og analysert, og det vert teke prøvar av grunnvatnet og bekken under deponiet. SIM tek prøver av sigevatnet tolv gonger i året, og desse vert sende til akkreditert laboratorium. Prøvane vert analyserte for i

alt 13 parametrar, m.a. ph-verdi og innhald av næringssalt og tungmetall (sjå tabell side 17).

Anna miljøovervaking

Gassen vert sogen ut av fyllplassen og brent i fakkelen. Dermed vert metangassen omforma til den mindre skadelege gassen CO₂.

Selskapet har også program for å halda skadedyr borte fra fyllplassen, og uønskte fuglar vert freista haldne borte ved hjelp av måsenett og andre tiltak. I tillegg vert flygeavfall og anna avfall jamleg rydda bort frå nærområdet.

På fyllplassen vert det berre jobba på eit avgrensa området om gongen, og dette vert dekt til regelmessig.

Hytterenovasjon

Ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. I året som gjekk vart det plassert ut mange nye hyttekonteinrarar, og kapasiteten vart auka monaleg, særleg i hyttekommunen Tysnes. Det vart sett fokus på hytterenovasjon gjennom fleire oppslag i lokalmedia, og mange av problema frå tidlegare er no reduserte.

Slamtøming

I 2002 vart det utført tøming av slamavskiljarar for hytter og heilårsbustader i Fitjar, Stord og Tysnes, og for heilårsbustader i Austevoll.

Informasjon

SIM informerer heile tida abonnentane så godt som råd, og freistar halda oppe medvitet om kjeldesortering og avfallsreduksjon.

Dette vert gjort gjennom heimesidene våre (www.sim.as), SIM-nytt, og av og til gjennom lysingar i lokalpressa.

Alle abonnentar mottok i 2002 fire utgåver av informasjonsbladet SIM-nytt, medan innbyggjarane i Stord kommune i tillegg mottok eit temanummer om ulovleg deponering og forsøpling. Tømekalenderen vart send ut saman med siste nummer av SIM-nytt.

Det kom ut 17 nummer av det interne informasjonsskrivet Stuttnytt i 2002, som går til alle tilsette og styra i konsernet.

SIM gjennomførte ein avfallsreduksjonskampanje i 2002. Hovudelementa i denne var eit eige temanummer av SIM-nytt, og sponsoring av tøybleier og avfallsreduserande tiltak som loppemarknad, bytebu og eksport av brukte klede til Aust-Europa (veldigdig).

Framtida

Samstundes med auken i slutthandsamingsavgifta for deponi, skal avgifta for forbrenning med energiutnytting setjast ned. Dette vil endra kostnadsbiletet ved deponering kontra forbrenning kraftig, og føra til at kostnadsskilnaden mellom deponi og forbrenning vert mindre. I tillegg er det vedteke at alle deponi må ha dobbel botntetting dersom dei ikkje kan påvisa at dette ikkje er naudsynt. Dersom det ikkje vert mogleg å påvisa at botntettinga er god nok i Svertasmoget, må deponiet truleg stengja i 2009. Desse to faktorane gjer det aktuelt å på nytt vurdera bygging av forbrenningsanlegg på Haugalandet i samarbeid med Haugesund, Karmøy og Toraneset Miljøverk, og Haugaland Kraft.

Det er uklårt om det kan gjerast alvor av planane om samanslåing av selskapa SIM, Toraneset, Haugesund og Karmøy kommunar, dette vert framleis vurdert av kommunane og selskapa.



Fitjar, 7. mars 2003

Sveio, leiar

Austevoll, nestleiar

Bømlø

Bjørn Haaland

Fitjar

Hans H. Berge

Kvinnherad

Else Berit Helle

Stord

Asle Bernt Rekve

Tysnes

Terje Gilje

Dagleg leiar SIM

For SIM-kommunane har mengdene med hushaldsavfall gått opp med 5,84 prosent sidan 2001, medan det for næringsavfall var ein auke på 19,33 prosent.


Avfallsmengder

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Det vil seia at tala ikkje omfattar t.d. bilvrak. Tala er justerte for meir korrekt deling av avfallet i hushald og næring.

I alt mottok SIM 17.952 tonn med hushaldsavfall frå SIM-kommunane, mot 16.962 tonn i 2001. Av dette gjekk 46,6 prosent til attvinning, det same som året før.

Når det gjeld hentefraksjonane rest-, bio- og papiravfall, er det ein auke på 4,05 prosent i høve til 2001. Restavfallet har auka med 5,37 prosent, papirmengda har gått ned med 0,49 prosent, og våtorganisk avfall har gått opp med 4,43 prosent.


Avfall henta heime hos folk:




Avfallsmengd per kommune samanlikna med 2001 (prosentvis auke):



Mengder til deponi (i tonn):



Samla avfallsmengder som SIM tek hand om (i tonn):



Attvinning

Ombruk

- dette er gjenstandar som nokon kastar, men som andre kan gjera bruk av m.a. ved enkle reparasjonar. Døme er syklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevervarer.



Materialattvinning

- når avfall vert brukt som råstoff i produksjonen av nye varer. Eit døme er når glas vert brukt til isolasjon, til nye flasker eller glas, eller som råstoff i Glava-matter.


I 2002 gjekk 46,6 prosent av hushaldsavfallet SIM mottok frå medlemskommunane, til attvining; dette er om lag det same som for dei tre føregåande åra. Unnateke dette talet er avfall samla inn gjennom dei landsomfattande rettordningane der SIM ikkje har tilgjengeleg statistikk for det avfallet som oppstår i regionen. Dette gjeld m.a. panteordningar for boksar og flasker.

Energiattvinning

- når avfallet vert brukt som energikjelde, t.d. når ein brukar tre eller papir til oppvarming.

Kvar innbyggjar produserer i snitt 75 kilo våtorganisk avfall i året. Om me legg dette talet til grunn, finn me at 95 prosent av det våtorganiske avfallet gjekk til attvining i 2002.

Hushaldsavfall til attvinning (i tonn):



Heimekompostering

Om lag 21,4 prosent av abonnementene komposterer bio-avfallet sitt heime, og dette talet har halde seg stabilt dei siste seks åra, med ein liten auke siste året. Det er likevel skilnader mellom kommunane. Austevoll ligg på botnen med 14,5 prosent, og Sveio er beste komposteringssammune med 30,6 prosent.

Abonnementar som komposterer heime, slepp m.a. å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringssittel til bruk i hage m.m., og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunka.

Avfallsgebyr

Gebrysystemet

Måla for gebryordninga er å få mindre avfall, meir attvinning, meir effektiv drift, å gjera folk medvitne om avfallet og få ei meir lik ordning.

Abonnementane kan m.a. spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnementar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Medlemskommunane betalar SIM for leverte avfallsmengder, i tillegg til ei avgift for kvar abonnement. For 2003 gjeld følgjande gebyr (tal eks. mva):

Vektgebyr 1076 kr/tonn

Abonnementgebyr tredunksystem

- hus	645 kr/abonnement
- hytter	518 kr/abonnement


Fakturering abonnementar

(for kommunar som har overført oppgåva til SIM) 24 kr/abonnement


Sakshandsaming

(for kommunar som har overført oppgåva til SIM) 24 kr/abonnement


Heimekomposterer:



Restavfall annakvar vike:



Gjennomsnittsabonnement i 2003 inkl. mva:



Gebyr fritidsbustad i 2003 inkl. mva:



Kva dekkjer gebyra?


Det er eit krav om at avfallsgebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon i kommunen, både avgiftene til SIM og eigen communal administrasjon. Det er kommunestyret i kvar av kommunane som fastset gebyra i sin kommune.

Alle abonnentar må betala eit grunngebyr. Dette er den delen av kostnadene knytt til renovasjon som ikkje vert dekt av dunkgebyra. Døme på slike kostnader er felleskostnader, kommunale eigenkostnader og ymse tilbod om attvinning. Grunngebyret varierer mellom kommunane.

I tillegg kjem eit gebyr for kvar av dei tre avfallsfraksjonane som vert henta. Desse varierer etter dunkstorleik og hentefrekvens. Målsetjinga for selskapet er at satsane skal vera like i kommunane.

Eit gjennomsnittsabonnement (sjå graf side 15) syner kva abonnentane faktisk betalar og er korrigert for dei val abonnentane gjer når det gjeld storleik på dunkane, om dei komposterer heime eller om dei deler dunk. Den gjennomsnittlege abonnenten til SIM vil i 2003 betala 1.768 kroner inkl. mva. i renovasjonsgebyr. Dette er ein reduksjon på 7 prosent i høve til 2002.

Dette går gebyret ditt til:



Dette talet er rekna ut frå eit snitt i alle kommunane, og totalsummen stemmer ikkje helt over eins med snittgebyret som var 1768,-. Det gjev likevel eit bilete på fordelinga av kostnadene.

Sigevatn

Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn vert overvaka i samsvar med godkjent program.

Resultata frå sigevassovervakinga viser at det er ein synkande trend på nivået av organiske stoff i sigevatnet. For nitrogen, metall og organiske miljøgifter er nivået som forventa frå eit aktivt deponi for kommunalt avfall. For overflatevatnet i området som er leia vekk frå deponiet ved hjelp av bekkelukking er det observert liten påverknad av bekken frå deponiet.

Det er tre referansebrønnar på deponiet. To av desse har ingen påverknad av grunnvatnet frå deponiet. Den tredje brønnen har det vore nokre problem med, og det vert vurdert å laga ein ny referansebrønn i staden for denne.

Sigevatn

Parameter	Resultat 2002/Årsnitt	Totale utslepp til Stokksundet 2002
<i>Kjemiske parameter:</i>		
Aluminium	142 mg/l	27,5 kg
Jern	24,9 mg/l	4,8 tonn
Klorid	150 mg/l	29 tonn
Sulfat	7,5 mg/l	1,44 tonn
Natrium	162 mg/l	31,4 tonn
Kalium	87,5 mg/l	16,9 tonn
<i>Tungmetall:</i>		
Kvikksølv	< 0,027 µg/l	< 5,2 g
Kadmium	< 0,165 µg/l	< 32 g
Krom	< 23,6 µg/l	4,6 kg
Kopar	25,2 µg/l	4,9 kg
Sink	291 µg/l	56,1 kg
Bor	1,17 mg/l	226 kg
Arsen	13,5 µg/l	2,6 kg
Nikel	< 19 µg/l	< 3,7 kg
<i>Organiske miljøgifter:</i>		
AOX	0,191 mg/l	36,8 kg
Fenol	575 µg/l	111 kg
Aromatar	103 µg/l	19,8 kg
PAH	3,8 µg/l	0,73 kg

Samanstilling over siste seks år

Total utslepp til Stokksundet	2002	2001	2000	1999	1998	1997
PCB – gr	131	32	4	129	103	700
Bly – kg	1,2	1,4	0,8	0,35	1,6	1,4
Arsen – kg	2,6	3,3	4,7	13,0	17,0	7,5
Fosfor – kg	190	225	380	915	688	553
Årgjennomsnitt - Indikatorparameter	2002	2001	2000	1999	1998	1997
pH	6,72	6,61	6,56	6,64	6,70	6,55
Leiingsevne	268	240	277	382	416	229

Balanse

Mor			Konsern		
(Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA)					
2002	2001	Note	2002	2001	
EIGNELUTAR					
ANLEGGSMIDLAR					
Immatrielle egedeler					
Goodwill		2	2 340 210	800 000	
Sum immatrielle egedeler			2 340 210	800 000	
Varige driftsmidler					
201 647	201 647		8 158 667	6 789 890	
35 987 886	39 060 997		40 938 880	51 388 026	
241 858	383 823		15 249 107	8 075 739	
36 431 391	39 646 467		2 348 122	3 472 380	
Sum varige driftsmidler			66 694 776	69 726 035	
Finansielle anleggsmidlar					
2 200 000	2 200 000		Aksjer i datterselskap	3	
33 000	33 000		Andre aksjar	4	203 000
33 869 472	21 869 472		Forskottering vegar	5	21 869 472
36 102 472	24 102 472		Sum finansielle anleggsmidlar	34 072 472	22 072 472
72 533 863	63 748 939		SUM ANLEGGSMIDLAR	103 107 458	92 598 507
OMLAUPSMIDLAR					
Krav					
8 914 793	6 457 908		Kundekrav	6	14 449 268
18 887	1 880		Andre kortsiktige krav	6	485 312
8 933 681	6 459 788		Sum krav		18 659 692
					529 841
					19 189 533
Investeringar					
2 694 498	4 330 159		Marknadsbaserte aksjar	7	2 694 498
53 119 570	49 621 844		Marknadsbaserte obligasjonar	7	53 119 570
55 814 068	53 952 003		Sum investeringar		4 330 159
					49 621 844
					53 952 003
7 851 123	13 195 906		Kontantar, bank		14 914 150
72 598 872	73 607 697		Sum omlaupsmidlar	81 538 815	88 055 686
145 132 734	137 356 636		SUM EIGNELUTAR	184 646 273	180 654 192

Balanse

Mor			Konsern		
(Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA)					
2002	2001	Note	2002	2001	
EIGENKAPITAL OG GJELD					
EIGENKAPITAL					
Innskoten eigenkapital					
173 030	173 030		173 030	173 030	
173 030	173 030		173 030	173 030	
Opptent eigenkapital					
696 175			696 175		
136 856 610	131 009 898		138 820 877	134 235 176	
137 552 785	131 009 898		139 517 052	134 235 176	
137 725 815	131 182 928		139 690 082	134 408 206	
Sum eigenkapital					
KORTSIKTIG GJELD					
Netto pensjonsskylnad					
180 071	355 378	9	180 071	355 378	
			Utsett skatt	1 516 794	1 382 928
			Langsiktige lån	26 923 655	25 766 109
180 071	355 378		Sum langsiktig gjeld	28 620 520	27 504 415
Leverandørgjeld					
3 649 669	4 562 937	6	6 549 714	9 999 952	
			Betalbar skatt	445 536	588 562
2 950 240	600 406		Skyldige offentlige avgifter	6 355 060	4 022 500
626 940	654 986		Anna kortsiktig gjeld	2 985 361	4 130 556
7 226 849	5 818 330		Sum kortsiktig gjeld	16 335 671	18 741 570
7 406 920	6 173 708		Sum gjeld	44 956 191	46 245 985
145 123 734	137 356 636		SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	184 646 273	180 654 192

Resultatrekneskap

Mor			Konsern		
(Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA)					
2002	2001		Note	2002	2001
50 011 471	46 218 285	Driftsinntekter		95 460 540	83 213 537
50 011 471	46 218 285	Sum driftsinntekter		95 460 540	83 213 537
20 083 288	17 981 364	Bruk av tenester (transport)		12 343 271	20 979 041
6 511 498	5 934 393	Løn og sosiale kostnader	9	29 997 104	24 397 642
12 726 053	11 446 099	Andre driftskostnader	13	34 828 365	12 070 841
6 839 054	7 997 266	Ordinære avskrivinger	2	12 428 095	16 841 445
55 760	376	Tap på krav		55 760	66 526
46 215 653	43 359 498	Sum driftskostnader		89 652 595	74 355 495
3 795 818	2 858 787	Driftsresultat		5 807 945	8 858 042
0	3 300	Utbytte frå aksjar andre selskap		0	3 300
897 836	814 092	Renteinntekter		1 038 363	1 054 985
2 536	155	Anna finansinntekt		2 536	0
1 862 065	2 719 764	Verdiendring marknadsbaserte omlaupsmidlar	7	1 862 065	2 719 867
5 676	7 755	Renteutgifter		2 302 824	1 731 918
9 692	8 035	Annan finanskostnad		46 819	134 058
0	49 867	Tap på marknadsbaserte omlaupsmidlar		0	49 867
2 747 069	3 471 653	Netto finanspostar		553 321	1 862 309
6 542 887	6 330 441	Resultat før skatt og e.o. postar		6 361 266	10 720 351
0	0	Betalbar skatt	10	445 536	588 626
0	0	Endring i utsett skatt	10	-416 159	619 025
0	0	Netto skattekostnad		29 377	1 207 651
6 542 887	6 330 441	Ordinært resultat		6 133 889	9 512 700
6 542 887	6 330 441	Årsresultat		6 331 889	9 512 700
Disponering av årsresultat					
696 175		Til etterdriftsfond	8	696 175	
5 846 712	6 330 441	Til annan eigenkapital	8	5 635 714	9 512 700
6 542 887	6 330 441	Disponert årsresultat		6 331 889	9 512 700

Kontantstraumoppstilling

Mor
 (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA)

2002	2001		Note	2002	2001
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar					
6 542 887	6 330 441	Resultat før skattekostnad		7 041 722	10 720 232
0	0	Betalt skatt i perioden		-528 472	-294 437
0	0	Tap - sal av driftsmidlar		394 508	0
6 839 054	7 997 266	Ordinære avskrivningar		11 747 670	12 166 461
-3 370 154	-3 229 206	Endring kundekrav og leverandørgjeld		-409 244	-4 641 449
2 304 780	-173 961	Endring i andre tidsavgrensingpostar		1 039 376	2 521 913
12 316 567	10 924 540	Netto kontantstraum frå operasjonelle akt.		19 285 560	20 472 721
Innbetaling - sal av driftsmidlar					
-3 623 978	-1 448 853	Utbetaling ved kjøp av driftsmidlar		67 000	250 000
-175 307	0	Endring av netto pensjonsskyldnad		-11 089 787	-13 858 352
-1 862 065	-2 669 897	Endring i verdi på aksjar og obligasjoner		-1 862 065	-2 669 897
-12 000 000	-3 000 000	Endring i andre investeringar		-12 000 000	-9 920 000
-17 661 350	-7 118 550	Netto kontantstraum frå investeringsakt.		-25 060 159	-26 198 249
0	0	Innbetaling ved opptak av langsiktig gjeld		3 046 484	11 828 618
0	0	Utbetaling ved betaling av langsiktig gjeld		-1 888 938	-2 766 492
0	0	Innbetaling ved bruk av kassekreditt		493 070	0
0	-410 886	Utbetaling ved nedbet av kortsliktig gjeld		0	-610 886
0	-410 886	Netto kontantstraum frå finansaktivitetar		1 650 616	8 451 240
-5 344 783	3 395 104	Netto endring i kontantar og bank		-4 123 983	2 725 712
13 195 906	9 800 802	Kontantar og bank 1.1.		14 914 150	12 188 438
7 851 123	13 195 906	Kontantar og bank 31.12.		10 790 167	14 914 150

Fitjar, 7. mars 2003

Magnus Skaaden
 Sveio, leiar

Olav P. Årlund
 Austevoll, nestleiar

Magne Rolfsnes
 Bømlø

Bjørn Haaland
 Bjørn Haaland
 Fitjar

Hans H. Berge
 Kvinnherad

Else Berit Helle
 Stord

Asle Bernt Rekve
 Tysnes

Terje Gilje
 Dagleg leiar SIM



Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp etter rekneskapslova av 1998 og tilrådingar til god rekneskapsskikk.
Eignelutar til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Omlaupsmidlar vert vurderte til lavaste verdi av skaffekostnad og verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar og avskrivingsprinsipp

Anleggsmidlar er ført opp med historisk skaffekostnad, tilgang i år, avgang i år og avskrivingar i år og frå tidlegare år. Anleggsmidlar vert ført til verkeleg verdi når fall i verdiane er venta å ikkje vera forbigginsande. Varige driftsmidlar vert avskrivne over forventa levetid (lineær avskriving).

Finansielle anleggsmidlar

Aksjar i datterselskap, andre aksjar og forskottering veger er ført opp med historisk skaffekostnad. Me har valt å visa aksjar i datterselskap etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen med avskriving av goodwill og meirverdar. Effekten på selskapsrekneskapen og for konsernet er forklart i note 3 og 8.

Kundekrav, konsernkrav og andre kortsiktige krav

Kortsiktige krav er ført opp i balansen til pålydande verdiar med frådrag for påreknat tap. Andre kortsiktige krav som forfall innan et år er klassifiserte som omlaupsmidlar.

Marknadsbaserte aksjar og obligasjoner

Marknadsbaserte aksjar og obligasjoner er vurderte til verkeleg verdi (marknadsverdi). Endring av prinsipp frå skaffekostnad til verkeleg verdi er korrigert mot balansen i byrjinga av året. Verknad av endring er forklart i note 6 og 8.

Kontantar og bank

Kontantar og bank er ført opp til pålydande verdiar.

Pensjonsskyldnad og periodens pensjonskostnad

Pensjonsansvaret til mor i høve til den ordinære tariffesta teneste-

pensjonsordninga er dekt gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei avgrensa yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor, og stettar kriteria for det som vert kalla ytingsplanar (multiemployer plans). I samsvar med god rekneskapsskikk er berekna pensjonskostnad ført i resultat og netto pensjonsskyldnad ført som langsiktig gjeld i rekneskapen for 2002. Endring av prinsipp er korrigert mot balansen i byrjinga av året. Verknad av endring er forklart i note 8 og 9.

Selskapet si pensjonsordning femnar om i alt 13 personar. Ordningane gjev rett til framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, løn ved pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Den kollektive pensjonsavtalen er finansiert ved fondsoppbygging organisert i eit forsikringsselskap.

Langsiktig og kortsiktig gjeld

Langsiktig gjeld vert ført til skaffekostnad ved låneopptak. Langsiktig gjeld vert ikkje skriven opp til verkeleg verdi som følgje av endring i renta.

Kortsiktig gjeld vert ført til lavaste verdi av skaffekostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert ikkje skriven opp til verkeleg verdi som følgje av endring i renta.

Konsern

Konsernrekneskapen femnar om morselskapet, datterselskapet SIM Næring AS og dotterdatterselskapet SIM Transport AS. Både mor og dotter eig 100 prosent av dotter og dotterdotter sjå opplysningar i note 3.

Konsernrekneskapen viser konsernet sitt resultat og balanse som ei økonomisk eining i tråd med god rekneskapsskikk.

Note 2 Varige driftsmidlar og immaterielle eignelutar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

	Goodwill	Tomter	Mask/anlegg	Bilar/anlegg	Inv/kontor	Sum 2002	Sum 2001
Skaffekostnad 01.01	0	201 647	96 744 171	0	2 380 259	99 326 077	97 877 423
Tilgang driftsmidlar	0	0	3 477 629	0	146 349	3 623 978	1 448 654
Avgang	0	0	0	0	0	0	0
Skaffekostnad 31.12	0	201 647	100 221 800	0	2 526 608	102 950 055	99 326 077
Avskriving og nedskr. 01.01	0	0	57 683 173	0	1 996 437	59 679 610	51 682 344
Årets avskr. 31.12	0	0	6 550 740	0	288 315	6 839 055	7 997 266
Akkumulerte nedskr. 31.12	0	0	0	0	0	0	0
Akkumulerte rev nedskr. 31.12							
Balanseført verdi 31.12	0	201 647	35 987 887	0	241 856	36 431 390	39 646 467
% sats avskriving			5 - 20 %		12,5 - 33 %		

Konsern

	Goodwill	Tomt/bygn	Mask/anlegg	Bilar/anlegg	Inv/utstyr	Sum 2002	Sum 2001
Skaffekostnad 01.01	2 375 265	8 504 355	102 111 547	26 997 661	7 186 224	147 175 052	130 258 531
Tilgang driftsmidlar	550 000	0	3 702 756	6 046 200	790 831	11 089 787	16 967 020
Avgang	0	0	0	-1 376 677	0	-1 376 677	-250 000
Skaffekostnad 31.12	2 925 265	8 504 355	105 814 303	31 667 184	7 977 055	156 888 162	146 975 551
Avskriving og nedskr. 01.01	0	302 763	57 792 195	13 116 814	4 213 308	75 425 080	64 378 675
Årets avskr. 31.12	585 055	42 925	7 083 228	3 301 263	1 415 625	12 428 096	12 070 841
Akkumulerte nedskr. 31.12						0	0
Akkumulerte rev nedskr. 31.12							
Balanseført verdi 31.12	2 340 210	8 158 667	40 938 880	15 249 107	2 348 122	69 034 986	70 526 035
% sats avskriving	20 %	0 - 5 %	5 - 20 %	10 - 20 %	12,5 - 33 %		

Note 3 Aksjar i datterselskap

Datterselskapet SIM Næring AS er i mor ført til skaffekostnad i selskapsrekneskapen.

Konsern

Selskap	SIM Næring AS	SIM Transport AS
Formelle opplysningsar		
Skaffetidspunkt	26.05.97	01.08.01
Hovudkontor	Eldøyane	Eldøyane
Eigardel	100 %	100 %
Andel stemmer	100 %	100 %
<i>Opplysningsar rundt skaffetidspunkt</i>		
Skaffekostnad	2 200 000	6 750 000
Balanseført eigenkapital på skaffetidspunkt		3 111 578
Meir-/mindreverdi (tomter utgjer kr 727 385)		1 754 385
Goodwill		2 375 265

Opplysningsar til tal for 2002

Inngående balanse 01.01.	5 238 364	2 248 578
uavskriven meirverdi av dette	1 754 385	
herav uavskriven goodwill	2 375 265	
+/- Del av årets resultat	808 709	-396 863
+/- Resultat av meir-/mindreverdiar	-205 400	
-Avskriven goodwill	-475 055	
+/- Internforteneste		
+/- Eigenkapitaljustering ført mot EK		

Utgående balanse 31.12.

SIM Transport AS er 100 % eigd av SIM Næring AS. 01.01.2002 blei Innvær Containerervice Rogaland AS (ICSR) fusjonert med SIM Transport AS (tidlegare ICS). Sidan ICSR var 100 % eigd av SIM Transport AS er fusjonen rekneskapsført som kontinuitet.

Note 4 Andre aksjar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

	Skaffekost	Balanseført	Marknadsverdi
<i>Finansielle anleggsmidlar:</i>			
Aksjar i Rekom	33 000	33 000	33 000
	33 000	33 000	33 000
<i>Konsern</i>			
<i>Finansielle anleggsmidlar:</i>			
Aksjar i Rekom	33 000	33 000	33 000
Aksjar i Retura AS	170 000	170 000	170 000
	203 000	203 000	203 000

Note 5 Forskottering av vegar

	01.01.2002.	Rørsle	31.12.2002.
<i>Finansielle anleggsmidlar:</i>			
Forskottering veg Fitjar	16 800 000	0	16 800 000
Forskottering veg Kvinnherad	2 069 472	0	2 069 472
Forskottering rv 545			
Dybvik - Utslettevegen	3 000 000	12 000 000	15 000 000
Sum finansielle anleggsmidlar	21 869 472	12 000 000	33 869 472

- Forskottering av veg i Fitjar på 16,8 mill. kroner er ikkje renteberande etter avtalen.
- Ved utbygging av Kvinnherad Miljøsentral inngjekk SIM ein avtale om å forskottere kostnader for veg på industriområde. Kr 2 276 419 (medrekna rente og kostnader Forskotteringen er betalt i februar 2003).
- Forskottering av rv 545 Dybvik - Utslettevegen på tilsaman kr 15 000 000 skal betalast tilbake i 2003, 2004 og 2005. Fitjar kommune og Stord kommune skal etter avtalen betala rente (snitt 6 mnd nibor) til SIM for 60 % to gongar årleg.

Note 6 Mellomverande med konsernselskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

	Kundekrav		Andre fordringar	
	31.12.2002	31.12.2001	31.12.2002	31.12.2001
Krav	5 008 244	4 621 500	18 887	1 880
Konsernkrav	3 956 549	1 886 408		
Avsett for tap	-50 000	-50 000		
Sum	8 914 793	6 457 908	18 887	1 880
Leverandørgjeld				
	31.12.2002	31.12.2001		
Gjeld	1 813 728	3 190 410		
Konsertgjeld	1 835 941	1 372 527		
Sum	3 649 669	4 562 937		

Konsern

	Kundekrav og fordringar		Leverandørgjeld	
	31.12.2002	31.12.2001	31.12.2002	31.12.2001
Pålydande	15 179 324	19 364 533	6 549 714	9 999 952
Avsett for tap	-244 744	-175 000		
Sum	14 934 580	19 189 533	6 549 714	9 999 952

Note 7

Marknadsbaserte omlaupsmidlar

Omlaupsmidlar:	31.12.2002	Rørsle	01.01.2002	31.12.2001
Aksjefond	2 694 498	-1 635 661	4 330 159	5 200 000
Likviditet- og obl.fond	53 119 570	3 497 726	49 621 844	47 469 897
Sum	55 814 068	1 862 065	53 952 003	52 669 897

Marknadsbaserte andelar i aksje-, obligasjons- og likviditetsfond er ført til verkeleg verdi. Verknad av endring i prinsipp er ført mot eigenkapitalen sjå note 8.

Note 8

Innskoten og opptent eigenkapital

Innskoten eigenkapital

Selskapet har ein interessekapital som medlemskommunane har betalt inn, etter folketalet per 1.1.89. Den fordeler seg slik:

Austevoll kommune	14 850
Bømlo kommune	32 092
Fitjar kommune	10 260
Kvinnherad kommune	43 000
Stord kommune	48 014
Sveio kommune	15 180
Tysnes kommune	9 634
Totalt	173 030

Opptent eigenkapital

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Endring av rekneskapsprinsipp for omlaupsmidlar og pensjonsskyldnad:

Eigenkapital 31.12.2001	Selskaps-kapital	Annan eigenkapital	Etter-driftsfond
173 030	130 130 081	0	

Årets endring i eigenkapital:

Prinsippendring vurdering av marknadsbaserte aksjar/obl. 1 282 106

Prinsippendring vurdering av pensjonar etter NRS -402 288

Eigenkapital 01.01.2002 173 030 131 009 899 0

Årsresultat 5 846 711 696 175

Avsett utbytte

Avsett konsernbidrag (netto)

Motteke konsernbidrag (netto)

Til dekking av tap

Eigenkapital 31.12.2002 173 030 136 856 610 696 175

Det er etter krav i forskrift om deponering av avfall sett av kr 686 175 i midlar til etterdrift og avslutning av deponiet. Endringa gjeld frå 01.05.2002 og krev at kostnader til ein finansiell garanti eller ein tilsvarende tryggleik vert dekt over drift av anlegget. Det er sett av til fond frå midten av året.

Konsern

Endring av rekneskapsprinsipp for omlaupsmidlar og pensjonsskyldnad:

Eigenkapital 31.12.2001	Selskaps-kapital	Annan eigenkapital	Etter-driftsfond
173 030	133 818 358	0	

Årets endring i eigenkapital:

Prinsippendring vurdering av marknadsbaserte aksjar/obl. 1 282 106

Prinsippendring vurdering av pensjonar etter NRS -402 288

Prinsippendring feil i tidlegare årsrekneskap -463 000

Eigenkapital 01.01.2002 173 030 134 235 176 0

Justert til ordning 01.01.02 -1 050 013

Årsresultat da 5 846 711 696 175

Årsresultat næring 808 809

Årsresultat transport -396 863

Avskrivning goodwill -475 055

Avskrivning meirverdi -205 400

Endring utsett skatt meirv 57 512

Eigenkapital 31.12.2002 173 030 138 820 877 696 175

I konsernrekneskaperen er det justert tilordna meirverdar i 2002 sjå note 3.

Note 9 Løn og pensjonar mm

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Lønskostnader mm.	2002	2001
Løn	4 832 924	4 427 609
Trygdeavgift	718 154	623 459
Pensjonskostnader	636 624	492 017
Andre ytingar	323 796	391 307
Lønskostnader	6 511 498	5 934 392

Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2002 er 13 personar hos mor.

Godtgjersle (i kroner)	Dagleg leiar	Styret
Løn	444 935	100 498
Anna godtgjersle	28 477	

Styret mottek bilgodtgjersle etter staten sine satsar i tillegg til møtegodtgjersla.

Revisjon

Det er ført kr 35 000 i honorar til revisjon i rekneskapen for 2002.

Samansetjing av samla pensjonar og pensjonsskyldnad

Pensjonsordninga er ført etter NRS om pensjonar. Selskapet si pensjonsordning vert handsama som ein ytingsplan. Selskapet si pensjonsordning som omfatter 13 personar. Ordninga gjev rett til framtidig yting. Ytingane er mellom anna avhengig av tal opptente år, løn ved oppnådd pensjonsalder og reguleringar frå folketrygda. Forpliktinga er dekt av KLP.

Pensjonskostnad

	2002	2001
Noverdi av årets pensjonsoppenting	603 197	0
Rentekostnad av pensjonsplikta	148 804	0
Avkastning på pensjonsmidlar	-121 359	0
Adm. kostnad	5 983	0
Arbeidsgjevaravgift	84 035	0
Resultatført verknad av estimatavvik	0	0
Netto pensjonskostnad	720 660	0

Avstemming av pensjonsordninga mot føring i rekneskapen:

	31.12.2002	01.01.2002
	Midlar < Plikter	Midlar < Plikter
Opptente pensjonsplikter	2 402 161	1 722 040
Berekna effekt av framtidig lønsregulering		
Berekna pensjonsplikter	2 402 161	1 722 040
Pensjonsmidlar (marknadsverdi)	2 222 090	1 366 662
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik		
Arb.gjevaravgift	23 769	46 910
Netto pensjonsplikter	203 840	402 288

Betaling etter aktuarbereking:	811 932
Aga av innbetaling	107 175
Verkeleg betalt premie	742 020
For mykje betalt premie	69 912

For mykje betalt premie er ført som anna kortsiktig gjeld hos mor.

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	6,5 %
Venta lønsregulering	4,0 %
Venta G-regulering	4,0 %
Venta avkastning på fondsmidlar	7,0 %

Avstemming av bokføring:

UB i fjor	-402 288
Årets pensjonskostnad	-720 660
Årets innbetaling	811 932
Aga årets innbetaling	107 175
UB 2002	-203 840
UB etter aktuarbereking	-203 840

Konsern

Lønskostnader mm.	01.01 -31.12	2002	2001
Løn		24 159 477	20 395 401
Trygdeavgift		3 459 242	2 057 803
Pensjonskostnader		1 386 997	960 239
Andre ytingar		991 388	984 199
Lønskostnader		29 997 104	24 397 642

Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2002 er 13 for mor og 72 for konsernet.

Føring av pensjonar i dotter

SIM Nærings AS fører pensjonskostnad lik betalt premie til KLP.

Note 10 Skattekostnad

Konsern

	SIM Nærings AS	SIM Transport AS	Konsern 31.12.2002
Berekna betalbar skatt	445 536	0	445 536
Endring utsett skatt	-147 302	-152 548	-299 850
Endring utsatt skatt av meirverdar		-57 512	-57 512
Endring avsetjing tidlegare år	-60 100	1 303	-58 797
Samla skattekostnad	238 134	-208 757	29 377

Note 11

Gjeld, pantstillingar og garantiansvar

Konsern

31.12.02 31.12.01

Gjeld til kredittinstitusjonar

Pantelån	13 461 957	15 350 895
Gjeld til kredittinstitusjonar	12 961 698	6 213 268
Øvrig langsiktig gjeld	500 000	4 201 946
26 923 655	25 766 109	

Skuld sikra ved pant:

Gjeld til kredittinstitusjonar	12 961 698	6 213 268
Øvrig langsiktig gjeld	493 070	

Bokført verdi eignelutar - tryggleik for pantelån

Varige driftsmidlar	12 677 125	13 304 374
Aksjar i SIM Transport AS	6 750 000	6 750 000
19 427 125	20 054 374	

Bokført verdi eignelutar - tryggleik for øvrig gjeld:

Kundefordringar	4 409 111	1 805 487
Maskin, inventar og transportmidlar	14 091 398	6 474 722
Bygning og tomt	1 945 876	1 988 801

20 446 385

10 269 010

Note 12

Bankinnskot for skuldig forskotstrekk

Av totale bankinnskot er kr 235 677 bunden til skuldig forskotstrekk i mor og kr 722 260 for konsernet

Note 13 Andre driftskostnader

Av andre driftskostnader hos mor på kr 12 726 053 utgjer kr 2 411 237 kostnader knytta til kvitevarer og farleg avfall, kr 3 271 332 knytta til drift og vedlikehald av anlegg og maskinar og kr 2 658 336 knytta til konsulenter og innleid hjelpe. SIM Nærings AS har leigekontraktar på bilar og konteinrar. Desse kontraktane går over 5 år. Leiga er teken med i andre driftskostnader for konsernet og utgjer kr 1 514 000. SIM Nærings AS betalar mor leige for investering på Eldøyane. Kostnadene er eliminerte i konsernrekneskapen.

Investering og sal 1998 - 2002

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA

Oversyn over investeringar dei siste 5 åra. Kolonna for sal er vist der dette er aktuelt.

	1998 Invest	1999 Invest	2000 Invest	Sal	2001 Invest	2002 Invest
Bygg	350	68				
Eldøy						
Fyllplass	2 098	1 329	1 265		206	
Veg industriomr	270					
Komposthall		4 087	1 319		357	611
Miljøsentralar	4 105	14 237	3 468		404	1 515
Konteinarar	894	2 173	227		116	970
Avfallsbehaldarar	1 275	734	274		99	382
Hyttetun		593	262		95	
Bilar	220					
Bilvekter	108					
Maskinar	3 985	172	1 990	1 044		
Inventar	29					23
Kontormaskinar	437	143	386		173	123
Totalt	13 771	23 536	9 192	1 044	1 449	3 624

Konsern

	1998 Invest	1999 Invest	2000 Invest	sal	2001 Invest	2002 Invest	Sal
Goodwill					2 375		550
Bygg	350	68			727		
Eldøy							
Fyllplass	2 098	1 329	1 265		206		
Veg industriomr	270						
Komposthall		4 087	1 319		357	611	
Miljøsentralar	4 105	14 237	3 468		404	1 515	
Anlegg bakkerigg					4 340	225	
Konteinarar	894	2 173	828		1 469	970	
Avfallsbehaldarar	1 275	734	274		99	382	
Hyttetun		593	262		95		
Bilar	220		300		1 206	250	6 046
Bilvekter	108						1 377
Komprimatorbil	1 231		620				
Vogntog	1 524						
Maskinar	3 985	172	2 165	1 044			
Inventar	29	41	212		1 253		668
Kontormaskinar	437	143	386		173		123
Totalt	16 526	23 577	11 100	1 044	12 704	250	11 090
							1 377

Revisjonsmelding for 2002

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk DA for rekneskapsåret 2002, som syner eit årsoverskot på kr. 6.542.887 for morselskapet og eit årsoverskot på kr. 6.331.889 for konsernet.

Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnader, om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansatt av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, opplysningar i notar og konsernrekneskap. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre høve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon. Revisjonen omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god rekneskapsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentlig og oversikteleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Kommunerevisjonen for Sunnhordland

Stord, 7. mars 2003



Jan Oppedal, Revisjonssjef



SIM